



Merethe Myklebust er ein av russen, 10 i talet, frå Uskedalen som brukar fritida si på kreftaksjonen.

Den årlege kreftaksjonen Krafttak mot kreft vart gjennomført i heile Kvinnherad dag. Russen var bøsseberarar og i Uskedalen var 10 ungdomar engasjerte i innsamlinga. Sju av ti overlever kreftsjukdommen i dag, men statistikken bak tala fortel kva kreft som enno har låg overleving. Innsamla midlar i år går difor til forskning og behandling av kreft der få overlever.

Innsamlinga i dag har full støtte av russen i Uskedalen, 10 i talet. Ut- og innlevering av bøsser er anten på KVV på Husnes eller på Rådhuset i Rosendal. Russen har delt inn bygda i roder og pøver, så langt det let seg gjera, å koma på døra i alle hus. Dei som ikkje er heime, kan nytta gjeverkortet.

Det vert årleg samla inn rundt kr. 200.000,- i Kvinnherad.

Stor takk til russen frå Uskedalen som brukar fridagen sin på eit Krafttak mot kreft:

- **Merethe Myklebust**
- **Jakob Taranger**
- **Hans Magne Sæle Kårstad**
- **Torstein Myklebust**
- **Mats Løland Eik**
- **Ingar Eik Høivik**
- **Veslemøy Haugland**
- **Anine Enes**
- **Joakim Myklebust**
- **Jonas Ridzeivicius**

Dersom du ikkje fekk høve til å støtta aksjonen, kan du bruka Kreftforeningens telefon: **21 49 49 21** eller gå inn

på www.kraftmotkreft.no

Du kan også bruke Vipps: 451023 og bruk funksjonen Kjøp og Betal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal